



NOTAT

Arkivsakid- 20/177-1
doknr:
Journalpostid: 20/1258

Saksh: Gunnar Elnan
Telefon 53 67 3652
:

Arkivkode
FST-012

Dykkar ref.

Dato: 02.03.2020

Årsmelding 2019

Årsmeldinga omfattar fylgjande hovudpunkt:

1. Økonomisk del

2. Generell del

2.1 Viltforvaltning

2.1.1 Villreinforvaltning

2.1.2 Småviltforvaltning

2.2 Fiskeforvaltning

2.2.1 Fiskeutsetting

2.2.2 Prøvefiskeresultat

2.2.3 Garnfiskestatistikk

2.2.4 Kalking

2.2.5 Anna fiskekultivering

3. Fjellstyrehyttene

3.1 Hyttestyret

4. Beiteleiga

5. Anna

1. Økonomisk del

Eit utdrag av rekneskapsresultatet for 2019 og 2018 viser fylgjande hovudpostar for inntekter og utgifter:

INNTEKTER	2019	2018	UTGIFTER, DRIFT	2019	2018
Salsinntekt	795 488	606 860	Lønskostnader	90 342	50 343
Anna driftsinntekt	194 857	195 372	Avskrivningar	93 685	84 240
			Varekostnad	15 820	10 900
			Anna driftskostnad	854 763	830 789
Sum driftsinntekter	990 345	802 232	Sum driftskostnader	1 053 841	969 159
Driftsresultat	-63 495	-166 927			
Netto Renteinntekt	24 072	26 077			
Sum årsresultat	39 424	166 927			
Bankinnskott, kontantar og liknande	1 723 085	2 106 261			

Kommentar:

Her viser hovudtala frå rekneskapet samanlikna med tala frå året før.

Årsresultatet viser eit underskot med kr 39 424.

Inntektene:

Auke i inntekt frå året før skuldast i hovudsak høgare inntekt frå villreinjakta. Kvota var høgare i 2019 enn året før. Det var i tillegg seld meir småviltkort, dette skuldast omlegging til sal via iNatur som gir betre tilgjengelegheit. Inntektene frå fiske var lågare, dette skuldast truleg ein viss tregheit hjå fiskarane sidan alt sal av fiskekort skjer via iNatur, men også veret har tyding for fiskekortsalet.

Utgiftene:

- Største faste utgiftspostane er knytt til drift og omfattar kjøp av tenester frå Hardangervidda fjelloppsyn, kjøp av tenester frå Eidfjord kommune, rekneskaps tenester og kontingent til Norges fjellstyresamband. Arbeidet med å byggja Heisanntjørnbu vart gjennomført i løpet av sumaren med Haldor Hamre AS som ansvarleg utførande. Utanom investering i hytta medførte bygginga ein del kostnader med innbu, utstyr og dekking av kostnader hyttestyret har hatt oppfølging i byggjeprosessen.

Investeringar:

- Kostnadene med bygging av Heisanntjørnbu vert ført som investering. Her er det gitt tilskot på kr 400 000 frå Sprarebankstiftinga, kr 300 000 frå Grunneigarfondet og tilsagn om kr 300 000 frå Tippemidlar.

2. Generelt

Fjellstyret har helde 8 styremøte og handsama 29 saker. Det viktigaste av aktiviteten kjem fram i årsmeldinga, elles vert møteprotokollane lagt ut på heimesida til fjellstyret,

www.eidfjord-fjellstyre.no

2.1 Viltforvaltning

2.1.1 Villreinforvaltning

Bestandsmålet for villreinstamma på Hardangervidda er;

Hovudmål: - produsere 2.000 – 2.500 kalv årlig (målt ved kalvetelling)

Delmål: - simleandelen på 40% (målt ved strukturtelling)

- bestandsstorleik maks 12.000 før kalving.

- halde ein mest mogleg stabil bestandsstorleik over tid.

Samla kvote vart sett til 6000 fellingsløyve, fjellstyret var tildelt 411 fellingsløyve. Denne var tildelt som reine bukkvote. Bakgrunnen for denne kvota var Mattilsynet sitt sterke press for å ha dokumentasjon for å kunna friskmelde Hardangervidda for skrantesjuka. Det vart ikkje oppdaga smitta dyr og for Hardangervidda som heilheit er det etter jakt 86% sikkerheit for at det ikkje er CWD-smitte. Mattilsynet sitt mål er å koma opp i 99% sikkerheit etter jakta 2023 som betyr behov for overvaking og prøvetaking i fleire år framover.

Mange tilfelle av fotrâte skapte otte, fleire kalvar vart avliva i jakta og i tillegg er det avliva fleir etter jakta. Tilsaman kan dette få følgjer for stammestorleiken på vidda.

Fjellstyret ynskjer å visa ein forsvarleg forvaltning og ikkje sleppa til for mange jegerar på statsallmenningen. Stor fellingskvote og redusert jaktbart areal resulterte i at fjellstyret avgrensa talet jegerar på allmenningen til 130. Resultatet var at 201 fellingsløyve vart selt. Fjellstyre hadde ordning med kortbank på Sandhaug turisthytta. Intensjonen var at jegerar som hadde brukt opp korta sine skulle kunne kjøpa nye kort utan å reise ned i bygda. Ordninga vart ikkje nytta.

Totalt for allmenningen vart det felt 43 bukkar på kort utsteda av fjellstyret. Når det gjeld Eidfjord sin fellingsprosent er denne rekna av tildelt kvote og var da på 10,5%.

Fredningssona som omfatta meir enn halvparten av arealet sør for Nordmannslågen var vidareført. Fredningssona syntes å ha hatt ein positiv effekt. Dyra kom opp i fredningssona, men det vart opplevd at dyra roa seg i fredningssona mens jegerane låg på grensa å venta. Men sona bidrog og til at dyr trekte vidare vestover. Fredningssona vart oppheva frå 2. september og ut jakta etter press frå jegerar. Grunngevinga frå fjellstyret for å opna fredningssona var den reine bukkejakta som var spesiell og utfordrande.

Jakttida vart sett til 10.08-22.09, den tidlege jaktstarten vart grunngeve i at det var rein bukkejakt og ynskje om å unngå jakt i brunstida.

2.1.2 Småviltforvaltning


Fjellstyret har samarbeida med Norsk Breton klubb avd. Hordaland om taksering av rypestamma i forkant av jakta.

År	Tal linjer	Tal meter	Ant. obs.	Tal ryper	Ryper/obs	Ryper/km ² (med 90% sikkerheit)	Ant kyllingar /høne
2006	44	229250	84	327	3,9	7	3,8

2007	24	129342	33	129	3,9	8	2,6
2008	23	125361	31	115	3,7	4	2,9
2009	22	113675	21	97	4,6	3	2,6
2010	24	129050	25	197	7,9	4	7,5
2011	26	155039	34	290	8,5	7	5,2
2012	29	167010	23	81	3,5	2	1,7
2013	25	131230	48	193	4,0	3	4,3
2014	24	149713	61	428	8,5	11	9,8
2015		129600	28	65	2,3	1,8	1,2
2016	24	158300	29	140	4,8	2,5	3,6
2017	26	161500	76	439	5,8	10,1	4,4
2018	25	153600	123	769	6,3	16,2	4,8
2019	24	153500	113	461	4,0	8,3	2,9


Takseringsresultatet viser at rypebestanden var god, men produksjon av kyllingar var låg spesielt på fjellrypa. Fjellstyret vedtok å opna for jakt, men fyrst frå 1. oktober med kortsal via iNatur avgrensa til 25 kort pr dag.

Fjellstyret har lagt til rette for jakt på små rovdyr, spesielt raudrev og mink, med eige jaktkort på rev og skotpremieordning. Statistikken under viser samanheng mellom skotpremier og taksert mengde rype før jakt det enkelte år for tida 2004 til og med 2019.



Venstre akse er tal felt raudrev, høgre akse er tal frå rypetaksering med rype/km² og kyllingar/høne.


2.2 Fiskeforvaltning




Samla tal for garnfisket viser stabil fiskeinnsats dei siste 5 åra. Avkastinga siste året viser ein liten nedgang, men og fangstinnsatsen var lågare.

Samla var det seld 114 garnfiskekort, 8 har rapportert at det ikkje har vore fiska og 16 som ikkje har rapportert.


Fangststatistikk frå dei viktigaste vatna;



I Tinnhølen er det samanheng mellom fangst og fangstinnsats. Frå åra omkring 2003-2005 og fram til dei siste fem åra er fangstinnsatsen redusert til det halve. Likevel er ikkje utbytte halvert. Dette tyder på at det er bra med fisk i Tinnhølen.



Fangstinnsats har minka noko og avkastning er stabil. Dette tyder på eit potensial til å ta ut meir fisk frå Nordmannslågen.



Fangstsinnsats og avkastning har auka og viser god samanheng.

2.2.1 Fiskeutsetting

Villfisk fanga med elektrisk fiskeapparat, feitfinneklippa og satt ut i Tinnhølen

År	Tal frå Svinto	Tal frå Bjoreio
2008	348	30
2009	342	
2010	160	
2011	181	
2012	50	
2013	248	
2014	151	
2015	134	
2016	208	
2017	291	
2018	194	
2019	176	

Fangst av villfisk vert utført av Statkraft som kompensasjon for at dei tek stamfisk på Tinnhølen. Fisket føregår med elektrisk fiskeapparat i Svinto og Bjoreio. Aureungane vert feitfinneklippt før dei vert sett ut i Tinnhølen. Statistikken viser til tal fanga villfisk. Årleg fangar Statkraft om lag 50 stamfisk.

Elles vart det satt ut 2000 einsomrig aure frå setjefiskanlegget i Simadalen.

2.2.2 Prøvefiskeresultat

Oppsummering frå prøvefisket er teke med her. Heile rapporten ligg på heimesida til fjellstyret.

Fylgjande vatn og tjørn vart prøvefiska i 2019.

Svartavatnet:

Svartavatnet og Svartavasstjørn har nesten årleg vore følgd opp med prøvefiske for å dokumentera utviklinga som følge av støtteutsettingar og kalking. Resultat frå tidlegane prøvefiske viste at det midt på 1990-talet nesten ikkje var fisk minder enn 25 cm. Dette var eit resultat av forsuring med sviktande rekruttering. Kalkinga kom i gang på slutten av 1990-talet samstundes som det var gjort støtteutsettingar. Resultatet viser igjen i prøvefiske frå 2000-talet.

Framleis er kondisjonen på fisken under normal og gjennomsnittsvekta for Svartavatnet har ikkje betra seg sidan 2012, men har gått opp frå åra imellom, og er på 184g. Endring av garnfiskereglane gjort for eit par år sidan håpar ein skal resultera i betre snittstorleik og kvalitet på sikt.

Dimmedalsvatnet:

- Sjølv om resultatet i 1999 var lågt er det grunn til å merka seg at gjennomsnitt vekt har gått ned med om lag 70%.
- Kondisjonen på auren har gått ned frå normal fin aure til noko mager aure.
- Tynningsfisket og normal interessa for fiske har ikkje vore av eit slikt omfang at det er med å betrar kvaliteten på auren. Det kan forventast ei årleg avkasting frå vatnet på om lag 200 kg. Skal kvaliteten betrast bør nok uttaket liggja over dette nokre år. Samstundes viser samansetning av lengdegrupper noko lågare andel aure under 28 cm enn kva som er forventa i eit slikt vatn. For kvaliteten på auren er dette truleg bra.
- Så lenge interessa for vanleg garnfiske er så lågt bør tynningsfiske fortsetja gjerne med likt tal garn i 29 og 24 mm.
- Eit tiltak kan og vera å endra garnfiskereglane der det vert sett ein største tillete maskevidde på 35 mm.

Bismaren:

- Tynningsfisket har ikkje vore av eit slikt omfang at det har hatt vesentleg innverknad på kvaliteten på fisken i Bismaren.
Det er eigenrekruttering i vatnet.
- Fordeling av fangsten på lengdegrupper tyder på stor del ung fisk.
- Ordinært garnfiske med eit omfang (over 300 kg) vil betra kvalitet på den store fisken.
- Det er ikkje behov for å setja ut fisk i vatnet.
- Det er behov for å leggje til rette auka avkasting.

Bessevatnet:

- Delen småfisk er stabil, vatnet har god rekruttering.
- Fordelinga i fiskestamma er god, men kvaliteten tyder på at det totalt er for mykje fisk. Kondisjonen på auren viser ein noko mager fisk.
- Så lenge det er låg interessa for ordinært garnfiske i vatnet, vert det tilrådd vidareføring av tynningsfiske er naudsynt for å betra kvaliteten. Fiske på aure når den vert gyter, ca 26-30 cm, kombinert med tynning av ungfisk gjev best resultat.

- Gjennomsnittvekta har auka noko. Dette vert teken som eit teikn på at tynningsfiske har gitt effekt. Tynningsfiske bør skje i juli med likt tal garn av 26 mm og 21 mm. Alternativt kan garnfiskereglane endrast til at det er tillate å fiska med garn i maskevidde 29mm og mindre. Dette vil spare den største auren som er med og regulerar rekruttering.
- Uttak av 40-50 kg aure i året vil betre kondisjon og storleiken på fisken i Bessevatnet.


Lakjen:

- Prøvefiskeresultat frå 1991 og 1998 er eit lågt grunnlag og kan ikkje leggjast mykje vekt på, dei er difor ikkje teke med i statistikken for prosentvis lengdefordeling.
- Samanlikna med 2003 er snittvekt gått litt ned, dette tyder på god rekruttering i vatnet. Det er ein tendens til fleire år med god rekruttering i høgfjellet, truleg ein klimaeffekt.
- Samanlikna med 2003 er kondisjon gått litt ned. Likevel er kondisjonen på auren god og det er ikkje teikn til avtakande kondisjon på den normalt fangbare auren.
- Snittlengda på gytefiskhoene er gått ned frå 32,9 til 30,2 cm. Dette er ein negativ utvikling ein skal vera merksam på og følgja med på.
- Garnfiskestatistikken tyder på ein stabil situasjon der det er fangstinnssatsen som er avgjerande for uttaket. Samstundes er statistikkgrunnlaget noko lågt som gjer at mellomårsvariasjonar i fiskeinnsats kan spela inn på statistikken.
- Med bakgrunn i den gode rekrutteringa det synest å vera til Lakjen, bør fjellstyret følgja med utviklinga i vatnet og vurdere behovet for tynningsfiske og endring av garnfiskereglane. Prøvefiske bør gjenntakast innan 3-4 år.

2.2.4 Kalking

Det vart registrert nedgang i pH etter siste kalking i 2013. Det vart difor vedteke at kalking vart gjennomført i 2017. Kalking vart ikkje gjennomført i 2019, men det er søkt Fylkemannen om å få gjennomført kalking i 2020.

Kartet unde viser rapportområdet og prøvelokalitetar.



2.2.5 Anna fiskekultivering

Det har vore gjennomført overvaking av rotenonbehandla vassdrag med el-fiske og ørekyteruser. Det er ikkje funne ørekyte etter rotenonbehandlinga. Munnleg tilbakemelding frå Fylkesmannen viser spor av ørekyte i austre vasstengen ved Stigstu. Resultatet er som følgje av miljø-DNA analyse. Ny analyse skal gjennomførast i 2020 for å stadfesta funnet.

3. Fjellstyrehyttene

Fjellstyrehyttene vert leigd ut etter avtale/søknad for påsken og sumarferien. I reinsjakta kan hyttene ikkje reserverast.

Fjellstyret har søkt om å overta naust på Gamla Sandhaug som kommunen har kjøpt i samband med kjøp av Klokkargarden. Det er ikkje motteke svar frå kommunen.

3.1 Hyttestyret

Hyttestyret er valgt av fjellstyret og vert valde for fira år som fylgjer valperioden til kommuneval. Årsmelding for 2019 gjeld for hyttestyret som har fungert i perioden 2015 til 2019.

Medlemmer:

Leiar: Arne Bu

Medlemer: Lars Kristian Eidnes og Vidar Riber

Hytter:

-Gamla Sandhaug (hytte med oppsynsrom og steinbu)

-Krobu

-Langavasshadle (hytte og steinbu)

-Stigstuv (hytte og uthus)

-Tinnhølen (hytte og uthus)

-Viersla (hytte og uthus med oppsynsrom)

-Heisantjørnsbu

-Skulevikbua

Generelt:

Arbeid på hytter vert utført av medlemmene i fjellstyre, dugnadsfolk og Hardangervidda Fjelloppsyn.

Det har vore gjennomført vanleg drift av alle hytter slik som supplering av ved og gass, branntryggleik og beising. Forutan nybygg av hytta på v/Heisantjørna har det ikkje vore store prosjekt.



Figur 1 Heisantjørnsbu

Heisantjørnbu:

Eidfjord fjellstyre gjorde sjølve på dugnad hausten 2018 utgraving og fundament for ny hytte v/Heisantjørna som erstatning for den gamle «Løkensgard bua». Etter utlysing til fleire lokale entreprenørar vart byggearbeida på ny hytte tildelt Halldor & Johs. Hamre AS. Dei valde og utføra arbeida om sommaren 2019. Medlemmene i hyttestyre tok sjølv og innreia, møblerte og monterte solcelleanlegg i den nye hytta. Mykje av arbeidet gjekk med til å få den nye hytta så bra som råd både med eige arbeid og oppfølging av entreprenør. Hyttestyret vil og gje honnør til entreprenør for godt utført arbeid og ein takk til dei som har delteke på dugnad.

Fjellstyret har og kjøpt inn båt for å ha liggjande i Heisantjørn til bruk for innanbygds brukarar av bua.

4. Beiteleiga

Halne beitelag slepte 358 sau og lam på beite. Beitelaget fekk løyve til nytt medlem i beitelaget som erstatning for ein som slutta av.

5. Anna

- Hardangervidda Fjelloppsyn A/S (HF as) har utført oppgåver etter vedteke budsjett.
- Lars Kristian Eidnes er styremedlem til styret for Fjellstyra på Hardangervidda AS.
- Lars Kristian Eidnes er medlem i Villreinutvalet.

Eidfjord fjellstyre

Lars Kristian Eidnes
- s -

Asle Øydvin
- s -

Vidar Riber
- s -

Nina Eiken
- s -

Knut Johan Medhus
- s -

Håkon Kvammen
- s -

Randi Oppedal
- s -

Med venleg helsing
Eidfjord fjellstyre

Gunnar Elnan
Rådgjevar Drift og forvaltning

Kopi til arkiv

